KULTURRÅDET
Arts Council
Norway

# Statistikk for museum 2016

Utgitt av Kulturrådet

ISBN: xxx (PDF)
ISBN: xxx (Trykk)

Trykk: xxx
Kulturrådet
Mølleparken 2
Postboks 8052 Dep
N-0031 Oslo
Tlf: +47 21 04 58 00
post@kulturradet.no
www.kulturradet.no

# INNHALD


s. 4 Statistikk for museum 2016
s. 5 Museumsdrift
s. 8 Besøk
s. 10 Utstillingar og formidling
s. 12 Forsking og fagleg samarbeid
s. 13 Forvalting av samlingar
s. 19 Tabellar

# Statistikk for museum 2016

Statistikk 2016 for norske museum blei samla inn i mars 2017 og omfattar museum med minst eitt fast årsverk i 2016. Museumsstatistikken skal gi eit oversyn over norske museum, og syner informasjon om museumsinstitusjonane, besøk og tilgang, formidling og utstillingar, forsking og samarbeid, forvalting av bygningar og samlingar. Talmaterialet femner om i alt 109 museum. Av desse fekk 71 museum driftstilskot frå Kulturdepartementet. Dei 38 andre musea er mellom anna kommunale museum, universitetsmuseum og museum under andre departement.

Frå 2016 er det fem institusjonar som ikkje lenger rapporterer til museumsstatistikken fordi verksemda deira ikkje lenger blir rekna som museumsdrift, i hovudsak fordi dei ikkje har eigne samlingar. Av den grunn gir ikkje endringa i populasjon så store utslag når det t.d. gjeld gjenstandssamlingar. I Kulturrådets museumsstatistikk har det ikkje vore vanleg å korrigere tidlegare talrekkjer som viser utviklingstrekk for musea. Det blir heller ikkje gjort i denne utgåva av museumspublikasjonen, men vi prøver å kommentere dette i omtalen for nokre av dei områda der endringa av tal institusjonar gir størst utslag. Når tal for museumsbesøk er korrigert for dei musea som ikkje lenger rapporter, var det også i 2016 ein samla auke av besøkstalet for dei 109 musea som er grunnlag for statistikken for dette året.

Rapporten er konsentrert om fem område. Den første delen omtalar drift, organisasjonsform, økonomi og tilsette. Del to presenterer publikumstal og tilgang til musea. Dei neste delane gir informasjon om tre av kjerneoppgåvene til musea: formidling, forsking og forvalting.

# MUSEUMSDRIFT

Ser vi på perioden frå 2005 har talet på museum som er med i statistikken, gått ned frå 188 til 109 i 2016. Den store nedgangen skuldast i hovudsak konsolideringsprosessar der museum har gått saman i større organisasjonar. Over heile landet har desse prosessane gripe inn i eigarstrukturar, eigedomsforhold, organisasjonsform og organisering. 61 prosent av musea var i 2016 organiserte som stiftingar, 22 prosent er offentlege verksemder/selskapsformer og 14 prosent er aksjeselskap. Det er verdt å merke seg at dette i hovudsak gir eit bilete av korleis museumsdrifta er organisert, medan det mange stader er dei gamle museumsstiftingane (såkalla «eigarstiftingar») som framleis er formelle eigarar av bygningar og samlingar.

## Økonomi

Musea sine samla inntekter var 4,9 milliardar kroner i 2016, medan dei totale utgiftene var 4,8 milliardar kroner. Lønns- og pensjonskostnader var den største utgiftsposten med samla 52 prosent av kostnadene. Husleige og avskrivingar utgjorde i alt 12 prosent. Utgiftsfordelinga viser at musea har ein kostnadsstruktur med høge faste utgifter.

Til samanlikning utgjorde dei ordinære offentlege driftstilskota 64 prosent av driftsinntektene. Medrekna prosjekttilskot var samla offentleg tilskot til musea 73 prosent av inntektsgrunnlaget. Offentlege tilskot til musea var 3,6 milliardar kroner i 2016, noko som tilsvarar 679 kroner per innbyggjar.

Musea sine eigeninntekter er m.a. billettinntekter, butikk- og kaféinntekter, sponsorinntekter og gåver. Totalt hadde musea eigeninntekter på 1,3 milliardar kroner i 2016 (mot 1,4 milliardar året før), noko som svarar til 27 prosent av dei samla inntektene. Prosentdelen for eigeninntekter har lege under 30 prosent sidan 2012. Tilsvarande tal for 2005 var 33 prosent. Musea fekk 133 millionar i sponsorinntekter og gåver i 2016, eit tal som har vore ganske stabilt sidan 2005, mellom 3 og 5 prosent. I 2016 utgjorde gåveinntektene om lag 79 mill. kroner.

FIGUR 1: ORGANISASJONSFORM




TABELL 1: UTVIKLING OG FORDELING AV INNTEKT 2007-2016 (I HEILE MILL.)

| | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Ordinært offentleg tilskot | 1800 | 2026 | 2201 | 2398 | 2464 | 2626 | 2674 | 2887 | 3110 | 3 133 |
| Andre eigeninntekter | 401 | 402 | 391 | 451 | 411 | 410 | 404 | 544 | 601 | 531 |
| Billettinntekter | 241 | 242 | 238 | 258 | 286 | 286 | 269 | 323 | 331 | 351 |
| Varer og tenester | 226 | 252 | 286 | 308 | 324 | 335 | 382 | 296 | 313 | 331 |
| Ekstra offentleg tilskot | 222 | 198 | 314 | 201 | 297 | 234 | 319 | 279 | 269 | 435 |
| Sponsorinntekter og gåver | 130 | 106 | 95 | 116 | 193 | 111 | 118 | 132 | 160 | 133 |
| **I ALT** | **3021** | **3227** | **3525** | **3733** | **3974** | **4003** | **4166** | **4460** | **4783** | **4 916** |

FIGUR 2: PROSENTVIS FORDELING AV INNTEKTER 2007-2016




TABELL 2: UTVIKLING OG FORDELING AV UTGIFTER 2007-2016 (I HEILE MILL.)

| | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Løn | 1 396 | 1 524 | 1 611 | 1 743 | 1 798 | 1 936 | 2 045 | 2 174 | 2 229 | 2 237 |
| Pensjon | 110 | 124 | 139 | 156 | 149 | 207 | 188 | 205 | 247 | 220 |
| Andre utgifter | 537 | 549 | 665 | 671 | 678 | 691 | 794 | 838 | 899 | 985 |
| Husleige | 294 | 295 | 355 | 403 | 398 | 417 | 371 | 442 | 489 | 456 |
| Varer og tenester | 270 | 294 | 294 | 305 | 297 | 332 | 361 | 382 | 354 | 367 |
| Drift/vedlikehald av lokale | 255 | 348 | 337 | 348 | 297 | 325 | 320 | 307 | 357 | 418 |
| Avskrivingar | 51 | 58 | 62 | 84 | 88 | 80 | 73 | 77 | 85 | 98 |
| **I ALT** | **2 913** | **3 193** | **3 462** | **3 710** | **3 704** | **3 988** | **4 152** | **4 425** | **4 661** | **4 780** |

FIGUR 3: PROSENTVIS FORDELING AV UTGIFTER 2007-2016



FIGUR 4: UTVIKLING I TAL ÅRSVERK 2007-2016




FIGUR 5: FORDELING AV ÅRSVERK 2007-2016




## Årsverk

I 2016 var det rapportert om 3 955 lønte årsverk i norske museum. I alt arbeidde 3 497 personar i faste stillingar, til saman 3 068 årsverk. Dei ti siste åra har talet på personar og årsverk i faste stillingar auka jamt. Talet på årsverk i andre lønte stillingar var 887 i 2016. I tillegg er det rapportert om samla 196 frivillige årsverk. Sidan 2007 har dette talet vore rapportert nokolunde stabilt kring 200 årsverk. I 2005 rapporterte musea om 173 frivillige årsverk.

## Personale

I 2016 stod kvinner for 54 prosent av årsverka i faste, lønte stillingar og for 58 prosent av andre lønte stillingar. Menn utførte 58 prosent av årsverka i leiarstillingar og 72 prosent av årsverka i dei tekniske stillingane. Kvinnene dominerte i dei administrative årsverka og i dei kunst-, kultur- og naturfaglege årsverka, med høvesvis 74 prosent og 59 prosent.

Fordelinga mellom administrative, faglege og tekniske årsverk har endra seg noko sidan dette kom med i statistikken i 2006. Det er særskilt delen faglege årsverk som har gått opp, medan delen årsverk for teknisk personale har gått ned.

I museumsstyra var 45 prosent kvinner og 55 prosent menn. Av styreleiarane var 68 prosent menn.

# BESØK

I 2016 hadde dei rapporterande musea 11,2 millionar besøk. Samanlikning med besøkstal oppgitt i statistikkpublikasjonen for 2015 viser då ein nedgang. Korrigert for dei fem institusjonane som frå 2016 ikkje lenger rapporterer til museumsstatistikken, viser tala at besøkstalet har gått opp. Dei same 109 musea som rapporterte for 2016 hadde i 2015 eit samla besøkstal på om lag 10,8 millionar, noko som er ein auke på om lag 400 000 museumsbesøk frå 2015.

Akershus var det fylket der besøkstalet auka mest (43 prosent). I Østfold og i Hedmark var auken 13 prosent. Dei fem institusjonane som ikkje lenger rapporterer til museumsstatistikken gav utslag for besøkstala i Hordaland, Møre- og Romsdal, Sør-Trøndelag og Troms.

Dei 21 mest besøkte musea i 2016 (museum med besøkstal over 100 000) hadde 45 prosent av det samla besøket. 16 museum hadde registrert mindre enn 10 000 besøk. Flest besøk hadde Oslo med 7,1 besøk per innbyggjar. Landsgjennomsnittet var 2,1 besøk per innbyggjar, og over dette låg også Sør-Trøndelag (2,8 besøk), Oppland (2,5 besøk), Finnmark (2,4 besøk) og Troms (2,2 besøk).

7 museum hadde gratis inngang for alle heile året. For dei musea som tok inngangspengar var gjennomsnittsprisen for ein vaksenbillett 85 kroner, mens gjennomsnittspris for barnebillett var 47 kroner.

## Barn og unge

Musea legg stor vekt på å ha eit godt tilbod til det yngste publikummet og samarbeider med skulane om besøk og formidling. 73 prosent av musea hadde ein plan for formidling retta mot barn og unge.

2,6 millionar museumsbesøk blei gjort av barn og unge i 2016. Dette tilsvarar 23 prosent av det totale besøket. Det var færre barn og unge som deltok i organisert undervisning, 806 000 i 2016 forhold til 950 000 året før. Talet på barn og unge som var med på tiltak i regi av Den kulturelle skulesekken har gått attende kvart år sidan 2010, og i 2016 var det om lag 275 000 som deltok i slike tiltak. 38 prosent av musea hadde internettbaserte pedagogiske opplegg for barn og unge, ein auke frå 30 prosent året før.

FIGUR 6: BESØK 2007-2016 (I MILL.)



TABELL 3: BEST BESØKTE MUSEUMSARENAER (BESØK OVER 100 000)

| NAMN PÅ INSTITUSJON | NAMN PÅ ARENA | BESØK TOTALT |
|---|---|---|
| Naturhistorisk museum, Universitetet i Oslo | Botanisk hage | 731 030 |
| Kulturhistorisk museum, Universitetet i Oslo | Vikingskiphuset | 510 139 |
| Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design | Nasjonalgalleriet | 436 495 |
| Nidaros Domkirkes Restaureringsarbeider | Nidaros domkirke | 398 144 |
| Frammuseet | Frammuseet | 359 668 |
| Norsk Folkemuseum | Norsk Folkemuseum | 299 063 |
| Norsk Teknisk Museum | Norsk Teknisk Museum | 288 121 |
| Nobels Fredsenter | Nobels Fredssenter | 241 258 |
| Kon-Tiki Museet | Kon-Tiki Museet | 193 521 |
| Skimuseet i Holmenkollen | Skimuseet i Holmenkollen | 181 589 |
| Munchmuseet | Munchmuseet | 180 405 |
| Henie Onstad kunstsenter | Henie Onstad kunstsenter | 178 419 |
| Lillehammer museum | Maihaugen | 146 004 |
| KODE - Kunstmuseene i Bergen | KODE 1, 2, 3, 4 | 134 447 |
| Stiklestad Nasjonale Kultursenter | Stiklestad Nasjonale Kultursenter | 129 876 |
| NTNU Vitenskapsmuseet | NTNU Vitenskapsmuseet | 129 854 |
| Astrup Fearnley Museet | Astrup Fearnley Museet | 123 916 |
| Museum Vest | Det Hanseatiske Museum | 106 191 |
| Anno museum | Norsk Skogmuseum | 105 768 |
| Oslo Museum | Bymuseet og Teatermuseet | 105 252 |
| Norsk Oljemuseum | Norsk Oljemuseum | 103 387 |

# UTSTILLINGAR OG FORMIDLING

Gjennom målretta tilrettelegging og nyskapande formidling skal musea fremje innsikt og refleksjon. Den viktigaste formidlingskanalen er utstillingane.

## Utstillingar og formidling

Rapporteringa for 2016 skil ikkje lenger mellom basisutstillingar og temporære utstillingar, slik at musea frå dette året rapporterer på samla tal utstillingar ved sine formidlingsarenaer og kor mange av desse som blei opna i løpet av rapporteringsåret. I 2016 hadde musea i alt 2 554 utstillingar, og av desse var 873 opna i løpet av året. Musea rapporterte i tillegg om 234 vandreutstillingar, av desse var 54 nyproduserte i rapporteringsåret.

## Opne møte, konsertar, teater

Musea hadde 6 286 opne møte, 1760 konsertar og 4 639 framsyningar av 274 teateroppsettingar i 2016. Talet på opne møte har auka gjennom dei siste ti åra, og er ein del av rolla musea har som kunnskapsarenaer og som møteplassar i lokalsamfunnet.

## Universell utforming

Når det gjeld fysisk tilrettelegging er bevaringsomsyn ei utfordring for mange av musea. 74 prosent av musea opplyser at dei har tilrettelagde lokale, med for eksempel teleslynge, heis for rullestolbrukarar og rullestolramper. 60 prosent av musea hadde formidling tilrettelagt for menneske med nedsett funksjonsevne, som til dømes merking med blindeskrift, teiknspråk, storskrift og lettlest informasjon.

Då ikkje alle har tilgang til alle museumsbygg og anlegg, blir det viktig å utforme museet sine nettsider slik at fleire kan ta del i tilbodet. Musea blir spurde om heimesidene deira følgjer DIFIs retningsliner for universell utforming, og 47 prosent av musea melde at heimesidene deira følgde standarden som ligg til grunn.

FIGUR 7: TAL UTSTILLINGAR 2007-2016



**TABELL 4: UNIVERSELL UTFORMING**

| | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Er museet sine lokale lagt til rette for personar med nedsett funksjonsevne? | 74% | 72% | 73% | 73% | 75% | 73% | 74% |
| Er museet si formidling lagt til rette for personar med nedsett funksjonsevne? | 55% | 52% | 64% | 64% | 67% | 62% | 60% |
| Følgjer museet sine heimesider DIFIs retningsliner? | 36% | 43% | 43% | 47% | 39% | 47% | 47% |

**FIGUR 8: BARN OG UNGE SOM HAR DELTEKE I PEDAGOGISKE TILTAK 2010-2017**



# FORSKING OG FAGLEG SAMARBEID

Forsking og kunnskapsutvikling er eit nødvendig fagleg grunnlag for innsamling, dokumentasjon og formidling. Talet på tilsette med doktorgrad er stigande, og i 2016 var talet 289. Talet på fagfellevurderte publikasjonar var 494 i 2016. Det var 48 av musea som rapporterte om tilsette med doktorgrad. Det er dei seks universitetsmusea som har flest tilsette med doktorgrad. 66 prosent av dei tilsette med doktorgrad arbeidde ved universitetsmusea, som også stod for 86 prosent av dei fagfellevurderte artiklane.

## Fagleg samarbeid

53 museum har delteke i eitt eller fleire forskings- og utviklingsprosjekt i 2016, mot 56 året før. Musea rapporterte om til saman 308 prosjektdeltakingar, mot 246 året før. Dei faglege og tematiske museumsnettverka har vore viktige plattformer for den fagleg utviklinga i musea dei ti siste åra. Av dei 109 musea i statistikken deltok 86 i eitt eller fleire av dei nasjonale nettverka. I alt deltok 47 museum i eitt eller fleire samarbeidsprosjekt i regi av desse nettverka. Fleire av desse prosjekta kan være samanfallande med dei allereie omtala FoU-prosjekta.

## Utlån

Tala for utlån frå samlingane fortel at 56 av musea lånte ut i alt 6 558 gjenstandar til andre museum i 2016. Elles låner musea også ut fotografi, både til andre museum og til institusjonar utanfor museumssektoren.

FIGUR 9. FORMELL KOMPETANSE 2011-2016



# FORVALTING AV SAMLINGAR

## Samlingane

Musea forvaltar og formidlar store samlingar. I alt blei det for 2016 rapportert om 21,4 millionar gjenstandar og vel 34 millionar fotografi. 82 museum forvalta i alt 5 017 kulturhistoriske bygningar i 2016, og 33 museum rapporterte om totalt 101 teknisk industrielle anlegg. 39 av musea forvalta ulike kulturlandskap, med eit samla brutto areal på om lag 28 000 dekar, og 50 av musea hadde ansvar for om lag 3200 dekar med hageanlegg.

I tillegg til at musea forvaltar desse samlingane, har musea store samlingar av private arkiv. Dette går fram av statistikk som for arkivområdet no blir publisert av Riksarkivet.

Vedlikehald av bygningar og anlegg er ressurskrevjande. Mange museum rapporterer at utfordringane med bygningsforvalting aukar og at dei ikkje greier å halde tritt med vedlikehaldsbehovet. Musea i fem fylke har forvaltingsansvar for halvparten av dei kulturhistoriske bygningane (Hedmark med 13 prosent, Oppland med 11 prosent, Hordaland 10 prosent, Buskerud 8 prosent og Nordland med 8 prosent).

FIGUR 10: TAL GJENSTANDAR OG FOTOGRAFI I MILL. (PER 31.12.2016)




FIGUR 11: ÅRLEG TILVEKST AV GJENSTANDAR 2007-2016



TABELL 5: ÅRLEG TILVEKST AV GJENSTANDAR 2007-2016

| | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Kunsthistoriske gjenstandar | 2545 | 2829 | 1387 | 2620 | 4369 | 3457 | 3933 | 6150 | 3988 | 1501 |
| Kulturhistoriske gjenstandar | 78345 | 64614 | 36691 | 29992 | 52891 | 39830 | 26219 | 46455 | 35704 | 43111 |
| Arkeologiske gjenstandar | 29620 | 42090 | 104473 | 124834 | 68235 | 224014 | 185046 | 120318 | 360581 | 278249 |
| Naturhistoriske gjenstandar | 194175 | 235569 | 114690 | 116735 | 189885 | 97300 | 94098 | 113374 | 124426 | 139346 |

FIGUR 12: ÅRLEG TILVEKST AV FOTOGRAFI 2007-2016




FIGUR 13: FOTOGRAFI REGISTRERT, DIGITALISERT OG PUBLISERT 2012-2016



FIGUR 14: KUNSTHISTORISKE GJENSTANDAR REGISTRERT, DIGITALISERT OG PUBLISERT 2012-2016




FIGUR 15: KULTURHISTORISKE GJENSTANDAR REGISTRERT, DIGITALISERT OG PUBLISERT 2012-2016




FIGUR 16: ARKEOLOGISKE GJENSTANDAR REGISTRERT, DIGITALISERT OG PUBLISERT 2012-2016



FIGUR 17: NATURHISTORISKE GJENSTANDAR REGISTRERT, DIGITALISERT OG PUBLISERT 2012-2016




FIGUR 18: TAL BESØK PÅ DIGITALTMUSEUM.NO 2009-2015



FIGUR 19: KUNSTHISTORISKE GJENSTANDAR - OPPBEVARING




FIGUR 20: KULTURHISTORISKE GJENSTANDAR - OPPBEVARING




FIGUR 21: ARKEOLOGISKE GJENSTANDAR - OPPBEVARING



FIGUR 22: NATURHISTORISKE GJENSTANDAR - OPPBEVARING




FIGUR 23: FOTOGRAFI - OPPBEVARING



TABELL 6: BESØK 2007 OG 2016, TAL GJENSTANDAR, FOTOGRAFI OG ÅRSVERK

| | BESØK 2016 | BESØK 2007 | GJENSTANDAR I ALT | FOTOGRAFI I ALT | ÅRSVERK I ALT (EKSKL. FRIVILLIGE) |
|---|---|---|---|---|---|
| Naturhistorisk museum, Universitetet i Oslo | 827 067 | 435 106 | 5 689 000 | 670 000 | 132 |
| Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design | 635 680 | 523 827 | 380 372 | 0 | 177 |
| Kulturhistorisk museum, Universitetet i Oslo | 588 547 | 494 331 | 2 272 810 | 800 000 | 164 |
| Norsk Folkemuseum | 558 788 | 525 193 | 320 988 | 2 005 602 | 229 |
| Nidaros Domkirkes Restaureringsarbeider | 449 990 | 383 871 | 13 045 | 20 000 | 66 |
| Frammuseet | 359 668 | 285 816 | 1 410 | 9 800 | 14 |
| Stiftelsen Norsk Teknisk Museum | 288 121 | 189 721 | 60 000 | 2 200 000 | 57 |
| Museene i Sør-Trøndelag | 275 619 | 387 771 | 196 691 | 2 053 257 | 194 |
| Anno museum AS | 269 157 | 292 648 | 171 865 | 4 577 000 | 123 |
| Forsvarets museer | 262 395 | 285 400 | 110 000 | 35 000 | 51 |
| Stiftinga Jærmuseet | 258 904 | 107 423 | 48 141 | 177 601 | 77 |
| Nobels Fredssenter | 241 258 | - | 1 | 1 010 | 32 |
| KODE - Kunstmuseene i Bergen | 219 875 | 204 608 | 50 689 | 101 | 71 |
| Stiftelsen Akershusmuseet | 219 689 | 151 900 | 79 989 | 4 528 171 | 91 |
| Museum Nord | 216 633 | 226 734 | 68 093 | 279 386 | 56 |
| Kon-Tiki Museet | 193 521 | 222 146 | 9 900 | 203 339 | 10 |
| Munchmuseet | 189 079 | 136 890 | 38 434 | 252 | 75 |
| Museum Stavanger AS | 184 684 | 159 627 | 141 867 | 63 653 | 54 |
| Tromsø Museum - Universitetsmuseet | 181 805 | 65 888 | 935 761 | 358 321 | 81 |
| Skimuseet i Holmenkollen | 181 589 | 246 093 | 3 115 | 2 000 | 8 |
| Henie Onstad Kunstsenter | 178 419 | 58 293 | 3 404 | 616 | 20 |
| Stiftelsen Lilllehammer museum | 178 130 | 212 148 | 78 405 | 500 000 | 74 |
| Museum Vest | 174 561 | 107 485 | 15 471 | 24 140 | 41 |
| Bymuseet i Bergen, Stiftelsen | 173 208 | 163 965 | 94 227 | 88 256 | 62 |
| Stiklestad Nasjonale Kultursenter | 151 979 | 184 216 | 70 017 | 606 908 | 52 |
| Blaafarveværket | 134 562 | 237 723 | 1 381 | 0 | 45 |
| Vestfoldmuseene IKS | 130 169 | 162 658 | 66 919 | 734 432 | 69 |
| NTNU Vitenskapsmuseet | 129 854 | 81 051 | 3 069 167 | 75 | 136 |
| Oslo Museum | 128 773 | 48 807 | 29 799 | 983 065 | 58 |
| Astrup Fearnley Museet | 123 916 | 66 432 | 1 334 | 0 | 18 |
| Stiftelsen Buskerudmuseet | 111 575 | 109 618 | 137 794 | 264 868 | 54 |
| Telemark Museum | 111 358 | 94 350 | 141 640 | 2 663 052 | 38 |
| Romsdalsmuseet | 106 015 | 46 729 | 27 434 | 1 250 000 | 20 |
| Vest-Agder-museet IKS | 104 509 | 83 753 | 62 243 | 205 419 | 47 |
| Norsk Oljemuseum | 103 387 | 80 300 | 4 156 | 104 928 | 24 |
| Stiftinga Sunnmøre Museum | 101 389 | 71 269 | 39 050 | 322 742 | 31 |

| | BESØK 2016 | BESØK 2007 | GJENSTANDAR I ALT | FOTOGRAFI I ALT | ÅRSVERK I ALT (EKSKL. FRIVILLIGE) |
|---|---|---|---|---|---|
| Østfoldmuseene | 100 090 | 103 868 | 96 980 | 788 044 | 57 |
| Agder naturmuseum og botanisk hage IKS. | 98 681 | 79 692 | 111 243 | 2 476 | 13 |
| Norsk Industriarbeidermuseum | 85 443 | 34 627 | 13 687 | 581 625 | 38 |
| Nordlandsmuseet | 84 553 | 54 889 | 50 615 | 229 845 | 40 |
| Museet Midt IKS | 82 702 | 62 549 | 22 998 | 8 202 | 42 |
| Helgeland Museum | 79 847 | 53 780 | 139 278 | 631 603 | 50 |
| Nordmøre museum, Stiftelsen | 72 217 | 71 439 | 50 733 | 202 465 | 27 |
| Norsk bremuseum | 72 216 | 53 265 | 3 | 43 | 6 |
| Nordnorsk Kunstmuseum | 70 359 | 19 835 | 2 125 | 0 | 11 |
| Gudbrandsdalsmusea AS | 70 300 | 16 860 | 10 363 | 172 448 | 13 |
| Baroniet Rosendal / Den Weis Rosenkroneske stiftelse | 66 208 | 45 584 | 12 700 | 500 | 20 |
| Mjøsmuseet AS | 64 144 | 119 110 | 30 947 | 657 592 | 18 |
| Musea i Sogn og Fjordane | 64 028 | 88 964 | 122 596 | 39 821 | 53 |
| Varanger museum IKS | 62 086 | 30 444 | 29 610 | 93 323 | 29 |
| Norsk Bergverksmuseum | 59 379 | 90 058 | 51 350 | 34 200 | 22 |
| Universitetet i Stavanger, Arkeologisk museum | 58 781 | 44 680 | 1 213 658 | 144 499 | 76 |
| Norsk Luftfartsmuseum | 58 255 | 42 445 | 16 453 | 64 400 | 28 |
| Verdensarvsenter for bergkunst - Alta Museum IKS | 51 817 | 62 550 | 2 984 | 6 374 | 23 |
| Aust-Agder museum og arkiv IKS | 48 784 | 62 745 | 94 362 | 88 359 | 56 |
| Valdresmusea AS | 48 194 | 33 330 | 29 269 | 379 382 | 18 |
| Akershus slott | 47 851 | 45 280 | 0 | 0 | 16 |
| Hardanger og Voss museum | 46 917 | 51 192 | 51 744 | 94 604 | 59 |
| Kistefos-Museet | 46 189 | 9 741 | 296 | 2 731 | 6 |
| Svalbard museum | 45 164 | 27 285 | 44 774 | 23 541 | 9 |
| Drammens museum for kunst og kulturhistorie | 43 196 | 30 335 | 51 553 | 9 485 | 14 |
| Sør-Troms Museum | 41 832 | 23 623 | 45 418 | 54 317 | 25 |
| Nynorsk kultursentrum | 40 194 | 16 746 | 66 182 | 3 000 | 21 |
| Stiftelsen Kulturkvartalet | 34 829 | 27 080 | 3 243 | 0 | 8 |
| Vigeland-museet | 34 352 | 23 764 | 22 090 | 6 000 | 12 |
| PUNKT Ø AS | 33 513 | 32 404 | 22 | 19 755 | 12 |
| Haugalandmuseene | 31 996 | 30 687 | 51 995 | 661 800 | 16 |
| Midt-Troms Museum | 30 766 | 18 163 | 29 100 | 65 000 | 14 |
| Vest-Telemark museum | 30 190 | 56 936 | 20 484 | 109 867 | 17 |
| Norsk Jernbanemuseum | 27 883 | 17 552 | 8 799 | 70 000 | 23 |
| Museene for kystkultur og gjenreisning i Finnmark IKS | 27 159 | 31 429 | 12 743 | 47 045 | 21 |
| Stiftelsen Tana og Varanger Museumssiida - Deanu ja Várjjat Museasidda Vuoddudus | 27 004 | 10 049 | 5 112 | 19 858 | 16 |
| Perspektivet Museum | 26 671 | 12 588 | 15 060 | 459 129 | 8 |

| | BESØK 2016 | BESØK 2007 | GJENSTANDAR I ALT | FOTOGRAFI I ALT | ÅRSVERK I ALT (EKSKL. FRIVILLIGE) |
|---|---|---|---|---|---|
| Sørlandets Kunstmuseum | 26 060 | 34 363 | 1 529 | 0 | 13 |
| Museumssenteret i Hordaland | 25 997 | 24 673 | 44 543 | 15 987 | 41 |
| Dalane folkemuseum | 25 053 | 19 668 | 60 776 | 81 983 | 12 |
| Lillehammer Kunstmuseum | 24 809 | 30 183 | 1 436 | 0 | 12 |
| Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum | 24 276 | 23 360 | 14 593 | 55 000 | 12 |
| Randsfjordmuseene AS | 24 216 | 13 004 | 29 775 | 164 652 | 18 |
| Universitetsmuseet i Bergen | 23 829 | 67 924 | 3 818 458 | 303 625 | 116 |
| Sunnhordland Museum | 22 943 | 15 744 | 22 448 | 31 219 | 9 |
| Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum | 21 316 | 8 107 | 11 612 | 124 808 | 15 |
| Narviksenteret m/Narvik Krigsmuseum | 21 315 | 22 910 | 29 471 | 7 724 | 10 |
| Skibladner - Oplandske Dampskibsselskap AS | 20 045 | 20 060 | 0 | 0 | 22 |
| Ryfylkemuseet | 18 017 | 16 558 | 20 533 | 129 615 | 19 |
| Næs Jernverksmuseum | 17 591 | 11 931 | 8 199 | 83 | 8 |
| Nord-Troms Museum AS | 16 132 | 4 261 | 19 215 | 52 760 | 11 |
| Barnekunstmuseet | 14 263 | 19 693 | 150 000 | 0 | 4 |
| Norsk Skogfinsk Museum | 14 179 | 8 017 | 33 098 | 304 600 | 5 |
| Preus museum | 14 115 | 11 227 | 55 868 | 814 988 | 11 |
| Norsk Tindemuseum | 13 714 | - | 6 439 | 6 217 | 3 |
| Falstadsenteret | 13 697 | 12 178 | 520 | 2 500 | 12 |
| Galleri Svalbard | 13 326 | 8 918 | 275 | 0 | 0 |
| RiddoDuottarMuseat | 9 615 | 8 055 | 9 619 | 22 904 | 20 |
| Emanuel Vigelands museum | 9 071 | 3 800 | 7 500 | 2 000 | 1 |
| Jødisk Museum i Oslo | 7 850 | 822 | 2 326 | 4 650 | 12 |
| Filmmuseet | 7 595 | 7 847 | 2 000 | 0 | 2 |
| Horg Bygdatun og Museumslag | 7 500 | - | 5 075 | 300 | 4 |
| Norsk rettsmuseum (NRM) | 7 186 | 3 874 | 20 000 | 15 000 | 5 |
| Vitenparken Campus Ås | 6 607 | 9 317 | 7 467 | 359 194 | 14 |
| Oppdalsmuseet | 4 997 | - | 5 000 | 0 | 7 |
| Lindesnes Bygdemuseum | 4 570 | - | 2 635 | 13 939 | 1 |
| Oslo Skolemuseum | 3 205 | 1 400 | 2 825 | 0 | 2 |
| Stabbursnes Naturhus og Museum | 2 504 | 2 808 | 120 | 0 | 2 |
| Árran Lulesamisk senter / Árran - julevsáme guovdásj | 1 856 | 2 600 | 454 | 2 635 | 5 |
| Stiftelsen Saemien Sijte | 1 699 | 1 212 | 516 | 2 297 | 7 |
| Vardobáiki museum | 686 | - | 509 | 20 000 | 2 |
| Singerheimen | 450 | 549 | 130 | 0 | 5 |
| Bredalsholmen dokk og fartøyvernsenter | 272 | 974 | 5 534 | 0 | 26 |
| **I ALT** | **11 228 219** | **9 185 395** | **21 365 679** | **34 043 007** | **3 954** |

TABELL 7: ORGANISASJONSFORM

| | TAL PÅ EININGAR | FOREINING/ LAG | STIFTING | AKSJE-SELSKAP | INTER-KOMMUNALT SELSKAP | KOMMUNAL VERKSEMD | STATLEG VERKSEMD | IKKJE ANGITT |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Østfold | 2 | | 1 | 1 | | | | |
| Akershus | 3 | | 3 | | | | | |
| Oslo | 20 | 1 | 10 | 1 | | 3 | 5 | |
| Hedmark | 3 | | 1 | 1 | | | 1 | |
| Oppland | 8 | | 3 | 5 | | | | |
| Buskerud | 4 | | 4 | | | | | |
| Vestfold | 2 | | 1 | | 1 | | | |
| Telemark | 3 | | 3 | | | | | |
| Aust-Agder | 2 | | 1 | | 1 | | | |
| Vest-Agder | 5 | | 2 | | 1 | 1 | | 1 |
| Rogaland | 7 | | 4 | 2 | | | 1 | |
| Hordaland | 10 | | 9 | | | | 1 | |
| Sogn og Fjordane | 3 | | 3 | | | | | |
| Møre og Romsdal | 6 | | 5 | 1 | | | | |
| Sør-Trøndelag | 6 | | 1 | 1 | | 2 | 2 | |
| Nord-Trøndelag | 4 | | 2 | 1 | 1 | | | |
| Nordland | 7 | | 6 | 1 | | | | |
| Troms | 6 | | 4 | 1 | | | 1 | |
| Finnmark | 6 | | 3 | | 3 | | | |
| Svalbard | 2 | | 1 | | | 1 | | |
| **I ALT** | **109** | **1** | **67** | **15** | **7** | **7** | **11** | **1** |

TABELL 8 DEL 1: INNTEKTER (I HEILE 1000)

| | INN-BYGGJARAR | BILLETT-INNTEKTER | VARER OG TENESTER | SPONSOR-INNTEKTER | GÅVER | ANDRE EIGEN-INNTEKTER | ORDINÆRT DRIFTS-TILSKOT FRÅ STATEN | ORDINÆRT DRIFTS-TILSKOT FRÅ FYLKES-KOMMUNE |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Østfold | 292 893 | 2 204 | 1 555 | 154 | 1 527 | 4 079 | 41 521 | 20 683 |
| Akershus | 604 368 | 13 591 | 15 278 | 307 | 1 789 | 15 834 | 50 343 | 27 396 |
| Oslo | 666 759 | 143 210 | 123 549 | 29 080 | 29 563 | 172 548 | 834 322 | - |
| Hedmark | 196 190 | 9 108 | 6 959 | 4 285 | 359 | 5 972 | 85 245 | 19 055 |
| Oppland | 189 479 | 18 434 | 12 622 | 6 593 | 10 693 | 18 936 | 100 673 | 16 136 |
| Buskerud | 279 714 | 8 832 | 23 966 | 159 | 4 328 | 6 434 | 55 990 | 21 513 |
| Vestfold | 247 048 | 2 563 | 2 927 | 973 | 2 683 | 1 721 | 42 459 | 24 975 |
| Telemark | 173 307 | 6 047 | 8 546 | 1 240 | 5 945 | 3 762 | 38 020 | 11 841 |
| Aust-Agder | 116 673 | 1 160 | 1 021 | 200 | 82 | 42 515 | 24 580 | 11 369 |
| Vest-Agder | 184 116 | 4 026 | 3 911 | - | 460 | 5 340 | 43 210 | 16 701 |
| Rogaland | 472 024 | 15 408 | 11 694 | 6 008 | 2 249 | 55 765 | 136 230 | 35 862 |
| Hordaland | 519 963 | 33 524 | 24 499 | 840 | 9 538 | 75 158 | 222 323 | 43 280 |
| Sogn og Fjordane | 110 266 | 5 816 | 5 385 | 1 100 | 463 | 1 571 | 35 812 | 15 839 |
| Møre og Romsdal | 266 274 | 8 961 | 10 255 | 2 404 | 1 590 | 10 042 | 57 224 | 18 342 |
| Sør-Trøndelag | 317 363 | 30 540 | 24 327 | 309 | 5 763 | 74 563 | 249 490 | 29 444 |
| Nord-Trøndelag | 137 233 | 9 742 | 9 205 | 378 | 1 316 | 8 898 | 61 633 | 19 483 |
| Nordland | 242 866 | 24 666 | 27 957 | 518 | 19 | 21 302 | 83 323 | 25 784 |
| Troms | 165 632 | 5 210 | 6 750 | 70 | 369 | 4 362 | 102 614 | 10 628 |
| Finnmark | 76 149 | 5 151 | 6 577 | - | 100 | 2 227 | 42 178 | 4 353 |
| Svalbard | - | 3 103 | 3 918 | - | - | 450 | 13 704 | - |
| **I ALT** | **5 258 317** | **351 296** | **330 901** | **54 618** | **78 836** | **531 479** | **2 320 894** | **372 684** |

TABELL 8 DEL2: INNTEKTER (I HEILE 1000)

| | ORDINÆRT DRIFTS-TILSKOT FRÅ KOMMUNE | EKSTRA TILSKOT FRÅ STATEN | EKSTRA TILSKOT FRÅ FYLKES-KOMMUNE | EKSTRA TILSKOT FRÅ KOMMUNE | INNTEKTER I ALT | EIGEN-INNTEKTER SOM DEL AV TOTALE INNTEKTER | OFFENTLEGE TILSKOT PER INNBYGGJAR I NOK |
|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Østfold | 15 265 | 1 053 | 465 | - | 88 506 | 11% | 270 |
| Akershus | 18 087 | 5 462 | 5 055 | 1 463 | 154 605 | 30% | 178 |
| Oslo | 123 004 | 56 543 | - | 1 457 | 1 513 276 | 33% | 1 523 |
| Hedmark | 4 590 | 3 773 | - | 85 | 139 431 | 19% | 575 |
| Oppland | 13 687 | 17 970 | 999 | 430 | 217 173 | 31% | 791 |
| Buskerud | 12 042 | 2 026 | 2 234 | 210 | 137 734 | 32% | 336 |
| Vestfold | 14 304 | 3 394 | 967 | 314 | 97 280 | 11% | 350 |
| Telemark | 7 610 | 20 373 | 5 171 | 3 860 | 112 415 | 23% | 501 |
| Aust-Agder | 12 406 | 842 | 4 820 | 5 624 | 104 619 | 43% | 511 |
| Vest-Agder | 13 347 | 40 603 | 4 776 | 1 250 | 133 624 | 10% | 651 |
| Rogaland | 33 072 | 37 712 | 9 120 | 196 | 343 316 | 27% | 534 |
| Hordaland | 86 551 | 52 844 | 9 134 | 4 572 | 562 263 | 26% | 805 |
| Sogn og Fjordane | 5 397 | 3 144 | 2 922 | 164 | 77 613 | 18% | 574 |
| Møre og Romsdal | 13 568 | 4 086 | 1 500 | - | 127 972 | 26% | 356 |
| Sør-Trøndelag | 11 641 | 33 373 | 7 814 | 14 074 | 481 338 | 28% | 1 090 |
| Nord-Trøndelag | 9 802 | 4 825 | 1 324 | 420 | 127 026 | 23% | 710 |
| Nordland | 23 839 | 11 433 | 4 534 | 1 500 | 224 875 | 33% | 619 |
| Troms | 10 228 | 17 497 | 2 281 | 1 770 | 161 779 | 10% | 876 |
| Finnmark | 11 408 | 14 636 | 761 | 1 188 | 88 579 | 16% | 979 |
| Svalbard | - | 986 | - | - | 22 161 | 34% | |
| **I ALT** | **439 848** | **332 575** | **63 877** | **38 577** | **4 915 585** | **27%** | **679** |

TABELL 9: UTGIFTER (I HEILE TUSEN)

| | VARER OG TENESTER | LØN | PENSJON | AVSKRIV-INGAR | DRIFT AV LOKALE | VEDLIKE-HALD AV LOKALE | HUS–LEIGE- | ANDRE DRIFTS-KOST-NADER | TOTALE KOST-NADER |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Østfold | 2 647 | 40 423 | 6 278 | 2 909 | 3 473 | 2 055 | 8 377 | 19 009 | 85 171 |
| Akershus | 5 414 | 67 019 | 9 435 | 4 011 | 8 776 | 4 275 | 2 632 | 46 626 | 148 188 |
| Oslo | 72 638 | 653 517 | 57 119 | 37 865 | 32 317 | 56 806 | 212 467 | 369 314 | 1 492 043 |
| Hedmark | 11 712 | 77 316 | 8 292 | 842 | 1 829 | 304 | 1 135 | 35 572 | 137 002 |
| Oppland | 31 616 | 98 524 | 5 365 | 5 230 | 8 757 | 11 942 | 3 296 | 50 999 | 215 729 |
| Buskerud | 12 975 | 64 632 | 5 812 | 1 546 | 6 375 | 8 164 | 5 765 | 33 042 | 138 311 |
| Vestfold | 4 620 | 51 855 | 4 863 | 884 | 5 439 | 951 | 3 141 | 21 388 | 93 141 |
| Telemark | 5 074 | 48 955 | 4 577 | 1 630 | 5 729 | 15 941 | 1 031 | 27 172 | 110 109 |
| Aust-Agder | 949 | 36 781 | 4 203 | 8 788 | 3 472 | 683 | 444 | 15 258 | 70 578 |
| Vest-Agder | 7 796 | 59 731 | 4 745 | 1 930 | 4 247 | 19 430 | 1 382 | 27 068 | 126 329 |
| Rogaland | 43 808 | 164 180 | 20 559 | 3 189 | 11 845 | 19 711 | 13 091 | 49 356 | 325 739 |
| Hordaland | 54 548 | 248 023 | 26 239 | 8 918 | 18 413 | 32 478 | 86 966 | 61 539 | 537 124 |
| Sogn og Fjordane | 3 973 | 34 506 | 3 490 | 1 419 | 2 347 | 5 120 | 6 377 | 16 031 | 73 263 |
| Møre og Romsdal | 11 512 | 67 672 | 5 881 | 4 784 | 5 814 | 8 447 | 2 089 | 24 800 | 130 999 |
| Sør-Trøndelag | 61 098 | 220 677 | 23 495 | 148 | 19 999 | 39 430 | 47 309 | 73 054 | 485 210 |
| Nord-Trøndelag | 4 285 | 59 843 | 4 930 | 2 559 | 7 955 | 4 370 | 10 391 | 28 272 | 122 605 |
| Nordland | 18 827 | 107 940 | 10 906 | 8 385 | 17 734 | 6 641 | 6 886 | 40 057 | 217 376 |
| Troms | 2 972 | 80 354 | 8 498 | 2 049 | 6 614 | 2 693 | 28 730 | 31 161 | 163 071 |
| Finnmark | 7 710 | 49 951 | 4 758 | 521 | 3 022 | 2 242 | 6 248 | 13 074 | 87 526 |
| Svalbard | 2 640 | 5 167 | 158 | 313 | 1 953 | 113 | 8 090 | 2 325 | 20 759 |
| **I ALT** | **366 814** | **2 237 066** | **219 603** | **97 920** | **176 110** | **241 796** | **455 847** | **985 117** | **4 780 273** |

TABELL 10: ÅRSVERK

| | FASTE STILLILNGAR | | | MIDLERTIDIGE STILLINGAR | | | ARBEIDSMARKNADSTILTAK | | | LÆRLINGAR | | | ÅRSVERK LØNA I ALT | FRIVILLIGE ÅRSVERK |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | I ALT | KVINNER | MENN | I ALT | KVINNER | MENN | I ALT | KVINNER | MENN | I ALT | KVINNER | MENN | | |
| Østfold | 58,7 | 64% | 36% | 9,7 | 82% | 18% | 0 | - | - | - | - | - | 68,4 | 2 |
| Akershus | 85,2 | 62% | 38% | 23,6 | 52% | 48% | 2,3 | 0% | 100% | 14,6 | 55% | 45% | 125,7 | 16 |
| Oslo | 838,5 | 54% | 46% | 220,2 | 61% | 39% | 12,8 | 24% | 76% | 4 | 100% | 0% | 1075,5 | 18,6 |
| Hedmark | 119,8 | 47% | 53% | 24,3 | 79% | 21% | 6 | 50% | 50% | 1 | 0% | 100% | 151,1 | 14,7 |
| Oppland | 146,3 | 50% | 50% | 31 | 39% | 61% | 3 | 0% | 100% | 1 | 50% | 50% | 181,3 | 13,5 |
| Buskerud | 78,9 | 55% | 45% | 55,4 | 77% | 23% | 0,7 | 0% | 100% | - | - | - | 135 | 23,6 |
| Vestfold | 70,9 | 69% | 31% | 6,3 | 54% | 46% | 2,3 | 47% | 53% | 0,2 | 81% | 19% | 79,7 | 3,2 |
| Telemark | 65,6 | 55% | 45% | 26,2 | 56% | 44% | 1,1 | 45% | 55% | - | - | - | 92,8 | 5 |
| Aust-Agder | 54,3 | 47% | 53% | 7,6 | 38% | 62% | 1,8 | 38% | 62% | - | - | - | 63,6 | 0,8 |
| Vest-Agder | 88,9 | 39% | 61% | 7,3 | 67% | 33% | 1,8 | 34% | 66% | 2 | 0% | 100% | 100 | 6,4 |
| Rogaland | 225,6 | 61% | 39% | 48,8 | 60% | 40% | 1,7 | 22% | 78% | 2,4 | 83% | 17% | 278,5 | 11,4 |
| Hordaland | 353,2 | 52% | 48% | 83 | 67% | 33% | 6,2 | 41% | 59% | 5 | 40% | 60% | 447,4 | 10,3 |
| Sogn og Fjordane | 48,8 | 52% | 48% | 14,7 | 76% | 24% | 0,4 | 100% | 0% | - | - | - | 63,9 | 0,4 |
| Møre og Romsdal | 91,8 | 54% | 46% | 9,5 | 74% | 26% | 4,1 | 20% | 80% | 3,5 | 0% | 100% | 108,9 | 13,5 |
| Sør-Trøndelag | 290,5 | 50% | 50% | 111,2 | 54% | 46% | 5,4 | 39% | 61% | 4,2 | 12% | 88% | 411,3 | 18,2 |
| Nord-Trøndelag | 91,7 | 55% | 45% | 16,2 | 65% | 35% | 2,7 | 15% | 85% | 2 | 25% | 75% | 112,7 | 15,9 |
| Nordland | 161,9 | 49% | 51% | 26,1 | 62% | 38% | 2,7 | 47% | 53% | - | - | - | 190,6 | 8,2 |
| Troms | 111,5 | 58% | 42% | 34,6 | 62% | 38% | 2,2 | 0% | 100% | 0,7 | 50% | 50% | 149 | 11,2 |
| Finnmark | 79,6 | 77% | 23% | 24,4 | 51% | 49% | 5 | 30% | 70% | 1 | 0% | 100% | 110 | 3 |
| Svalbard | 6 | 83% | 17% | 3 | 67% | 33% | 0 | - | - | - | - | - | 9 | 0 |
| **I ALT** | **3067,8** | **54%** | **46%** | **782,8** | **61%** | **39%** | **62,1** | **29%** | **71%** | **41,6** | **43%** | **57%** | **3954,3** | **196** |

TABELL 11: ÅRSVERK TYPE STILLING

| | ÅRSVERK DAGLEG LEIAR | | | ÅRSVERK FAGSTILLINGAR | | | ÅRSVERK ADMINISTRATIVE STILLINGAR | | | ÅRSVERK TEKNISKE STILLINGAR | | | TAL TILSETTE I FASTE STILLINGAR |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | I ALT | KVINNER | MENN | I ALT | KVINNER | MENN | I ALT | KVINNER | MENN | I ALT | KVINNER | MENN | |
| Østfold | 2 | 50% | 50% | 32,7 | 78% | 22% | 12,6 | 86% | 14% | 14,7 | 24% | 76% | 70 |
| Akershus | 3 | 67% | 33% | 70,03 | 59% | 41% | 21,72 | 90% | 10% | 30,6 | 32% | 68% | 107 |
| Oslo | 24,3 | 21% | 79% | 524,05 | 59% | 41% | 288,31 | 64% | 36% | 185,19 | 30% | 70% | 929 |
| Hedmark | 3 | 0% | 100% | 77,55 | 59% | 41% | 35 | 77% | 23% | 34,55 | 18% | 82% | 113 |
| Oppland | 7 | 29% | 71% | 80,83 | 56% | 44% | 30,86 | 81% | 19% | 45,34 | 12% | 88% | 173 |
| Buskerud | 4 | 50% | 50% | 48,15 | 61% | 39% | 28,41 | 93% | 7% | 30,17 | 25% | 75% | 90 |
| Vestfold | 9 | 67% | 33% | 40,07 | 74% | 26% | 18,9 | 72% | 28% | 11,55 | 40% | 60% | 90 |
| Telemark | 3 | 33% | 67% | 60,09 | 63% | 37% | 12,7 | 90% | 10% | 16,75 | 4% | 96% | 72 |
| Aust-Agder | 2 | 0% | 100% | 41,78 | 52% | 48% | 8,09 | 55% | 45% | 11,74 | 26% | 74% | 76 |
| Vest-Agder | 10,9 | 45% | 55% | 44,24 | 44% | 56% | 10,95 | 98% | 2% | 12,6 | 45% | 55% | 107 |
| Rogaland | 7 | 29% | 71% | 161,58 | 64% | 36% | 61,15 | 73% | 27% | 48,14 | 40% | 60% | 251 |
| Hordaland | 10 | 53% | 47% | 224,29 | 60% | 40% | 82,21 | 74% | 26% | 129,58 | 34% | 66% | 411 |
| Sogn og Fjordane | 2 | 0% | 100% | 19,1 | 50% | 50% | 15,15 | 93% | 7% | 19,65 | 36% | 64% | 57 |
| Møre og Romsdal | 9 | 33% | 67% | 58,75 | 59% | 41% | 20,43 | 88% | 12% | 20,2 | 10% | 90% | 106 |
| Sør-Trøndelag | 15 | 33% | 67% | 294,07 | 51% | 49% | 49,66 | 80% | 20% | 44,26 | 24% | 76% | 344 |
| Nord-Trøndelag | 4 | 73% | 28% | 58,2 | 60% | 40% | 20,29 | 82% | 18% | 29,68 | 26% | 74% | 110 |
| Nordland | 6,3 | 27% | 73% | 113,15 | 57% | 43% | 33,31 | 71% | 29% | 37,24 | 34% | 66% | 173 |
| Troms | 6 | 67% | 33% | 109,56 | 59% | 41% | 18,67 | 78% | 22% | 14,09 | 34% | 66% | 136 |
| Finnmark | 12 | 83% | 17% | 55,1 | 75% | 25% | 16,8 | 86% | 14% | 10,15 | 16% | 84% | 76 |
| Svalbard | 1 | 100% | 0% | 1 | 100% | 0% | 2 | 100% | 0% | 3 | 33% | 67% | 6 |
| **I ALT** | **140,5** | **42%** | **58%** | **2114,3** | **59%** | **41%** | **787,2** | **74%** | **26%** | **749,2** | **28%** | **72%** | **3497** |

TABELL 12: KOMPETANSE OG KUNNSKAPSPRODUKSJON

| | TILSETTE MED DOKTORGRAD | TILSETTE MED AUTORISA-SJON SOM KONSERVATOR NMF | TILSETTE MED AUTORISASJON SOM FØRSTE-KONSERVATOR | STØRRE PUBLIKA-SJONAR | PUBLIKASJONAR MED FAGFELLE-VURDERING | ANDRE FORSKINGS-PUBLIKA-SJONAR |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Østfold | - | 5 | 1 | 5 | 1 | - |
| Akershus | 3 | 10 | - | 10 | - | 5 |
| Oslo | 125 | 58 | 32 | 49 | 211 | 102 |
| Hedmark | 2 | 12 | 3 | 4 | 5 | 8 |
| Oppland | 2 | 8 | 1 | 9 | 5 | 53 |
| Buskerud | 3 | 7 | - | 10 | 2 | 4 |
| Vestfold | 1 | 6 | - | 4 | - | 27 |
| Telemark | 1 | 2 | 1 | 3 | 2 | 3 |
| Aust-Agder | 1 | 4 | - | 3 | 2 | 4 |
| Vest-Agder | 1 | 6 | 3 | 6 | 4 | 6 |
| Rogaland | 18 | 9 | 4 | 14 | 28 | 98 |
| Hordaland | 44 | 7 | 4 | 10 | 94 | 14 |
| Sogn og Fjordane | 2 | 8 | 2 | 1 | 2 | 8 |
| Møre og Romsdal | 2 | 4 | 2 | 9 | 1 | 21 |
| Sør-Trøndelag | 43 | 13 | 3 | 14 | 83 | 59 |
| Nord-Trøndelag | 6 | 2 | 1 | 3 | 2 | 4 |
| Nordland | 8 | 2 | 3 | 1 | 4 | 20 |
| Troms | 24 | 5 | - | 5 | 41 | 4 |
| Finnmark | 2 | 5 | - | 25 | 7 | 11 |
| Svalbard | 1 | 1 | - | 1 | - | 1 |
| **I ALT** | **289** | **174** | **60** | **186** | **494** | **452** |

TABELL 13: STYRESAMANSETJING

| | EININGAR | EININGAR MED STYRE | STYRELEIARAR | | STYREREPRESENTANTAR | | VARAREPRESENTANTAR | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | KVINNER | MENN | KVINNER | MENN | KVINNER | MENN |
| Østfold | 2 | 2 | 1 | 1 | 7 | 6 | 8 | 7 |
| Akershus | 3 | 3 | - | 3 | 10 | 11 | 8 | 5 |
| Oslo | 20 | 14 | 5 | 9 | 39 | 48 | 24 | 21 |
| Hedmark | 3 | 3 | - | 3 | 5 | 12 | 6 | 5 |
| Oppland | 8 | 8 | 1 | 7 | 24 | 22 | 11 | 14 |
| Buskerud | 4 | 4 | 1 | 3 | 7 | 15 | 9 | 13 |
| Vestfold | 2 | 2 | - | 2 | 5 | 4 | 3 | 2 |
| Telemark | 3 | 3 | - | 3 | 9 | 10 | 9 | 9 |
| Aust-Agder | 2 | 2 | - | 2 | 4 | 7 | 7 | 8 |
| Vest-Agder | 5 | 4 | 2 | 2 | 10 | 11 | 10 | 9 |
| Rogaland | 7 | 7 | 5 | 2 | 28 | 33 | 29 | 35 |
| Hordaland | 10 | 10 | 5 | 5 | 25 | 40 | 32 | 36 |
| Sogn og Fjordane | 3 | 2 | - | 2 | 5 | 5 | 2 | 5 |
| Møre og Romsdal | 6 | 6 | 2 | 4 | 20 | 16 | 14 | 10 |
| Sør-Trøndelag | 6 | 6 | 2 | 4 | 14 | 25 | 13 | 19 |
| Nord-Trøndelag | 4 | 4 | 1 | 3 | 10 | 13 | 6 | 5 |
| Nordland | 7 | 7 | 5 | 2 | 13 | 27 | 18 | 24 |
| Troms | 6 | 6 | 1 | 5 | 18 | 17 | 21 | 16 |
| Finnmark | 6 | 6 | 1 | 5 | 17 | 13 | 18 | 15 |
| Svalbard | 2 | 1 | - | 1 | 6 | - | 2 | 4 |
| **I ALT** | **109** | **100** | **32** | **68** | **276** | **335** | **250** | **262** |

TABELL 14: BESØK

| | INNBYGGJARTAL (SSB) | BESØK PER INNBYGGJAR | ENKELTBESØK | ENKELTBESØK BARN OG UNGE SOM DEL AV ENKELTBESØK | BESØK I GRUPPER I ALT | BESØK I GRUPPER BARN OG UNGE SOM DEL AV BESØK I GRUPPER | BESØK I ALT | BARN OG UNGE SOM DEL AV BESØK I ALT | BESØK BETALANDE SOM DEL AV BESØK I ALT |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Østfold | 292 893 | 0,5 | 102 546 | 24% | 31 057 | 69% | 133 603 | 34% | 34% |
| Akershus | 604 368 | 0,7 | 335 901 | 19% | 68 814 | 41% | 404 715 | 22% | 58% |
| Oslo | 666 759 | 7,1 | 3 891 506 | 20% | 811 083 | 41% | 4 702 589 | 23% | 50% |
| Hedmark | 196 190 | 1,6 | 223 849 | 18% | 87 370 | 33% | 311 219 | 22% | 46% |
| Oppland | 189 479 | 2,5 | 367 892 | 15% | 108 135 | 35% | 476 027 | 19% | 55% |
| Buskerud | 279 714 | 1,2 | 286 389 | 18% | 62 323 | 45% | 348 712 | 22% | 45% |
| Vestfold | 247 048 | 0,6 | 104 660 | 16% | 39 624 | 84% | 144 284 | 35% | 34% |
| Telemark | 173 307 | 1,3 | 182 755 | 28% | 44 236 | 29% | 226 991 | 28% | 44% |
| Aust-Agder | 116 673 | 0,6 | 48 692 | 22% | 17 683 | 43% | 66 375 | 27% | 48% |
| Vest-Agder | 184 116 | 1,3 | 181 279 | 16% | 52 813 | 58% | 234 092 | 26% | 28% |
| Rogaland | 472 024 | 1,4 | 486 167 | 29% | 194 655 | 53% | 680 822 | 36% | 54% |
| Hordaland | 519 963 | 1,5 | 575 943 | 12% | 223 187 | 33% | 799 130 | 18% | 62% |
| Sogn og Fjordane | 110 266 | 1,2 | 116 146 | 8% | 20 548 | 43% | 136 694 | 13% | 20% |
| Møre og Romsdal | 266 274 | 1,4 | 195 226 | 22% | 173 132 | 32% | 368 358 | 27% | 50% |
| Sør-Trøndelag | 317 363 | 2,8 | 780 201 | 12% | 94 945 | 62% | 875 146 | 18% | 52% |
| Nord-Trøndelag | 137 233 | 1,8 | 198 105 | 23% | 51 972 | 50% | 250 077 | 28% | 33% |
| Nordland | 242 866 | 1,9 | 361 096 | 17% | 102 049 | 24% | 463 145 | 19% | 64% |
| Troms | 165 632 | 2,2 | 279 629 | 12% | 87 936 | 28% | 367 565 | 16% | 33% |
| Finnmark | 76 149 | 2,4 | 131 956 | 7% | 48 229 | 23% | 180 185 | 12% | 50% |
| Svalbard | - | | 42 801 | 1% | 15 689 | 7% | 58 490 | 3% | 83% |
| **I ALT** | **5 258 317** | **2,1** | **8 892 739** | **18%** | **2 335 480** | **41%** | **11 228 219** | **23%** | **50%** |

TABELL 15: OPNINGSTIDER OG BILLETTPRISAR

| | TAL MUSEUM MED GRATIS TILGJENGE HEILE ÅRET | TAL MUSEUM MED GRATIS TILGJENGE I SESONG ELLER PÅ ENKELT-DAGAR | TAL MUSEUM GRATIS FOR GRUNNSKULE-ELEVAR HEILE ÅRET | GRATIS FOR ELEVAR I VIDARE-GÅANDE SKULE HEILE ÅRET | GJENNOM-SNITTLEG PRIS VAKSEN | GJENNOM-SNITTLEG PRIS BARN |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Østfold | - | 2 | 2 | 2 | kr 55 | kr 20 |
| Akershus | - | 2 | 1 | 1 | kr 77 | kr 28 |
| Oslo | 2 | 10 | 11 | 9 | kr 78 | kr 39 |
| Hedmark | - | 3 | 1 | 1 | kr 68 | kr 46 |
| Oppland | - | 8 | 2 | 2 | kr 157 | kr 90 |
| Buskerud | - | 4 | - | - | kr 90 | kr 65 |
| Vestfold | - | 2 | 1 | 1 | kr 60 | kr 43 |
| Telemark | - | 3 | 1 | - | kr 81 | kr 45 |
| Aust-Agder | - | 2 | - | - | kr 62 | kr 33 |
| Vest-Agder | 2 | 4 | 4 | 4 | kr 83 | kr 48 |
| Rogaland | - | 7 | 3 | 1 | kr 68 | kr 36 |
| Hordaland | - | 9 | 4 | 4 | kr 75 | kr 33 |
| Sogn og Fjordane | - | 1 | 1 | 1 | kr 82 | kr 42 |
| Møre og Romsdal | - | 4 | 2 | 1 | kr 83 | kr 46 |
| Sør-Trøndelag | 1 | 5 | 2 | 2 | kr 77 | kr 42 |
| Nord-Trøndelag | - | 4 | 1 | 1 | kr 62 | kr 43 |
| Nordland | - | 5 | 3 | 3 | kr 100 | kr 56 |
| Troms | 2 | 5 | 2 | 2 | kr 68 | kr 41 |
| Finnmark | - | 5 | 4 | 2 | kr 65 | kr 25 |
| Svalbard | - | 2 | 2 | 1 | kr 83 | kr 18 |
| **I ALT** | **7** | **87** | **47** | **38** | **kr 85** | **kr 47** |

TABELL 16: UTSTILLINGAR

| | TAL UTSTILLINGAR I ALT | NYE UTSTILLINGAR I 2016 | TAL EIGENPRODUSERTE VANDREUTSTILLINGAR I DRIFT | NYE EIGENPRODUSERTE VANDRE-UTSTILLINGAR 2016 |
|---|---|---|---|---|
| Østfold | 36 | 19 | 2 | 2 |
| Akershus | 106 | 34 | 6 | 1 |
| Oslo | 350 | 153 | 32 | 9 |
| Hedmark | 68 | 25 | 7 | - |
| Oppland | 168 | 44 | 6 | 2 |
| Buskerud | 115 | 37 | 8 | 4 |
| Vestfold | 28 | 11 | 8 | - |
| Telemark | 100 | 33 | - | - |
| Aust-Agder | 64 | 16 | 1 | - |
| Vest-Agder | 135 | 44 | 8 | 2 |
| Rogaland | 205 | 54 | 5 | 1 |
| Hordaland | 224 | 62 | 13 | 6 |
| Sogn og Fjordane | 63 | 25 | 4 | 2 |
| Møre og Romsdal | 126 | 27 | 39 | 1 |
| Sør-Trøndelag | 132 | 75 | 16 | 1 |
| Nord-Trøndelag | 102 | 42 | 5 | 2 |
| Nordland | 325 | 94 | 28 | 8 |
| Troms | 97 | 40 | 32 | 10 |
| Finnmark | 108 | 37 | 13 | 3 |
| Svalbard | 2 | 1 | 1 | - |
| **I ALT** | **2 554** | **873** | **234** | **54** |

TABELL 17: PEDAGOGISK VERKSEMD OG SÆRSKILDE TILTAK

| | TAL PÅ EININGAR | BARN OG UNGE SOM HAR DELTEKE I ORGANISERT UNDERVISNING I ALT | BARN OG UNGE SOM HAR DELTEKE I ORGANISERT UNDERVISNING I REGI AV DKS | MUSEUM SOM HAR PLANAR FOR FORMIDLING | MUSEUM SOM HAR PLANAR FOR FORMIDLING TIL BARN OG UNGE | MUSEUM SOM HAR INTERNETT-BASERTE PEDAGOGISKE OPPLEGG FOR BARN OG UNGE |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Østfold | 2 | 16 069 | 8 434 | 2 | 2 | 2 |
| Akershus | 3 | 35 509 | 13 981 | 2 | 2 | 2 |
| Oslo | 20 | 218 267 | 57 653 | 15 | 15 | 9 |
| Hedmark | 3 | 25 617 | 2 007 | 2 | 2 | 1 |
| Oppland | 8 | 34 877 | 11 083 | 5 | 6 | 2 |
| Buskerud | 4 | 32 781 | 23 148 | 2 | 2 | 2 |
| Vestfold | 2 | 32 153 | 21 337 | 2 | 2 | 1 |
| Telemark | 3 | 16 113 | 6 375 | 2 | 2 | - |
| Aust-Agder | 2 | 6 831 | 3 756 | - | - | 1 |
| Vest-Agder | 5 | 30 568 | 13 032 | 4 | 4 | - |
| Rogaland | 7 | 98 471 | 9 814 | 6 | 7 | 4 |
| Hordaland | 10 | 75 819 | 24 597 | 8 | 8 | 4 |
| Sogn og Fjordane | 3 | 5 033 | 175 | 1 | 2 | 1 |
| Møre og Romsdal | 6 | 51 364 | 25 978 | 5 | 5 | 2 |
| Sør-Trøndelag | 6 | 60 973 | 23 863 | 5 | 4 | 2 |
| Nord-Trøndelag | 4 | 19 945 | 10 387 | 3 | 3 | 2 |
| Nordland | 7 | 18 362 | 6 630 | 3 | 3 | 2 |
| Troms | 6 | 20 774 | 10 235 | 4 | 5 | 1 |
| Finnmark | 6 | 6 302 | 2 794 | 4 | 5 | 2 |
| Svalbard | 2 | 110 | - | 1 | 1 | 1 |
| **I ALT** | **109** | **805 938** | **275 279** | **76** | **80** | **41** |

TABELL 18: UNIVERSELL UTFORMING

| | TAL PÅ EININGAR | TILRETTELAGTE LOKALE FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE | TILRETTELAGT FORMIDLING FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE | MUSEETS HEIMESIDE FØLGDE ANBEFALINGANE FRÅ DIFI |
|---|---|---|---|---|
| Østfold | 2 | 2 | 2 | 2 |
| Akershus | 3 | 3 | 2 | 1 |
| Oslo | 20 | 9 | 10 | 11 |
| Hedmark | 3 | 2 | 2 | 3 |
| Oppland | 8 | 7 | 6 | 3 |
| Buskerud | 4 | 3 | 3 | 2 |
| Vestfold | 2 | 2 | 1 | 2 |
| Telemark | 3 | 3 | 1 | 2 |
| Aust-Agder | 2 | 2 | 2 | 1 |
| Vest-Agder | 5 | 3 | 2 | - |
| Rogaland | 7 | 6 | 5 | 4 |
| Hordaland | 10 | 8 | 7 | 3 |
| Sogn og Fjordane | 3 | 1 | 1 | 1 |
| Møre og Romsdal | 6 | 6 | 3 | 5 |
| Sør-Trøndelag | 6 | 2 | 3 | 3 |
| Nord-Trøndelag | 4 | 4 | 3 | 3 |
| Nordland | 7 | 6 | 4 | 2 |
| Troms | 6 | 4 | 2 | - |
| Finnmark | 6 | 6 | 5 | 2 |
| Svalbard | 2 | 2 | 1 | 1 |
| **I ALT** | **109** | **81** | **65** | **51** |

TABELL 19: OPNE MØTE, KONSERTAR, TEATER OG BESØK PÅ HEIMESIDER

| | BESØK PÅ EIGA HEIMESIDE | OPNE MØTE | KONSERTAR | TEATER-OPPSETTINGAR | FRAMSYNINGAR AV TEATER-OPPSETTINGAR |
|---|---|---|---|---|---|
| Østfold | 103 164 | 100 | 6 | 4 | 8 |
| Akershus | 295 802 | 248 | 83 | 10 | 49 |
| Oslo | 3 534 854 | 869 | 215 | 48 | 2 627 |
| Hedmark | 12 100 | 208 | 77 | 23 | 62 |
| Oppland | 467 860 | 376 | 61 | 24 | 54 |
| Buskerud | 303 886 | 160 | 53 | 9 | 34 |
| Vestfold | 126 866 | 84 | 14 | 10 | 14 |
| Telemark | 357 258 | 120 | 33 | 5 | 11 |
| Aust-Agder | 98 271 | 109 | 24 | 3 | 5 |
| Vest-Agder | 303 460 | 193 | 26 | 4 | 30 |
| Rogaland | 612 285 | 782 | 82 | 9 | 35 |
| Hordaland | 856 182 | 696 | 622 | 19 | 78 |
| Sogn og Fjordane | 38 774 | 84 | 56 | - | - |
| Møre og Romsdal | 759 526 | 550 | 75 | 4 | 320 |
| Sør-Trøndelag | 226 577 | 576 | 152 | 21 | 81 |
| Nord-Trøndelag | 481 131 | 126 | 38 | 15 | 189 |
| Nordland | 320 244 | 470 | 91 | 49 | 886 |
| Troms | 4 057 836 | 367 | 20 | 16 | 154 |
| Finnmark | 369 448 | 149 | 32 | 1 | 2 |
| Svalbard | - | 19 | - | - | - |
| **I ALT** | **13 325 524** | **6 286** | **1 760** | **274** | **4 639** |

TABELL 20: KULTURHISTORISKE BYGNINGAR

| | KULTURHISTORISKE BYGNINGAR TOTALT | OPNE FOR PUBLIKUM | NYOPNA I 2016 | OPPMÅLTE | TILFREDSSTILLANDE REGISTRERT | DIGITALISERT | TILGJENGELEG PÅ INTERNETT | TILVEKST I 2016 |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Østfold | 78 | 40% | 1 | 100% | 97% | 97% | 0% | - |
| Akershus | 223 | 52% | 2 | 93% | 98% | 37% | 0% | - |
| Oslo | 194 | 41% | 1 | 95% | 91% | 86% | 81% | - |
| Hedmark | 653 | 36% | 1 | 68% | 64% | 41% | 36% | - |
| Oppland | 553 | 54% | 7 | 74% | 85% | 61% | 30% | 3 |
| Buskerud | 385 | 55% | 6 | 55% | 70% | 49% | 35% | - |
| Vestfold | 28 | 114% | - | 79% | 0% | 0% | 0% | - |
| Telemark | 270 | 26% | 2 | 82% | 82% | 30% | 0% | 36 |
| Aust-Agder | 98 | 62% | 13 | 100% | 83% | 12% | 3% | - |
| Vest-Agder | 116 | 57% | 5 | 34% | 12% | 1% | 0% | - |
| Rogaland | 234 | 39% | 1 | 43% | 63% | 63% | 2% | 3 |
| Hordaland | 515 | 48% | 24 | 80% | 37% | 0% | 0% | 6 |
| Sogn og Fjordane | 192 | 57% | 9 | 83% | 41% | 0% | 5% | 9 |
| Møre og Romsdal | 321 | 62% | 9 | 64% | 39% | 4% | 1% | 1 |
| Sør-Trøndelag | 269 | 31% | 15 | 55% | 100% | 72% | 43% | - |
| Nord-Trøndelag | 171 | 44% | 2 | 79% | 67% | 11% | 11% | - |
| Nordland | 405 | 66% | 11 | 54% | 51% | 33% | 0% | - |
| Troms | 187 | 64% | 1 | 59% | 83% | 30% | 8% | - |
| Finnmark | 122 | 39% | - | 58% | 8% | 0% | 0% | 1 |
| Svalbard | 3 | 33% | - | 33% | 0% | 0% | 0% | - |
| **I ALT** | **5 017** | **49%** | **110** | **69%** | **65%** | **35%** | **17%** | **59** |

Kulturrådet
Mølleparken 2
Postboks 8052 Dep
N-0031 Oslo

Tlf: +47 21 04 58 00

post@kulturradet.no
www.kulturradet.no